

Høne og Ørn



✎ Ann Nduku

🔗 Wiehan de Jager

📖 Espen Stranger-Johannessen, Martine Rørstad

Sand

🗣️ nynorsk

📖 nivå 3

Denne fortellingen kommer fra African Storybook (africanstorybook.org) og er videreformidlet av Barnebøker for Norge (barnebok.no), som tilbyr barnebøker på mange språk som snakkes i Norge.

Dette verket er lisensiert under en Creative Commons

[Navngivelse 3.0 Internasjonal Lisens.](https://creativecommons.org/licenses/by/3.0/deed.no)

<https://creativecommons.org/licenses/by/3.0/deed.no>




Det var ein gong Høne og Ørn var vener.
Dei levde i fred med alle dei andre
fuglane. Ingen av dei kunne fly.



Når Ørn si venge kastar skuggen sin på
bakken, varslar Høne kyllingane sine:
“Kom dykk vekk frå den opne plassen.” Og
dei svarar: “Vi er ikkje dumme. Vi skal
springe.”

Ein gong var det hungersnød i landet. Ørn måtte gå veldig langt for å finna mat. Ho var veldig trøyt då ho kom tilbake. "Det må vera ein lettare måte å reisa på", sa Ørn.



Då Ørn kom att dagen etter, såg ho Høne som rota i sanden, men ingen nál. Så Ørn stupte lynraskt ned, fanga ein av kyllingane og drog av garde med han. Sidan den gongen ser Ørn alltid at Høne rotar i sanden etter nåla når ho dukkar opp.






Etter ei god natts søvn fekk Høne ein lys idé. Ho byrja å samla saman fjør som hadde falle frå alle fuglevenene deira. “La oss sy dei fast utanpå fjørene våre”, sa ho. Kanskje det vert lettare å reisa då.




“Gje meg berre ein dag”, bønnfall Høne Ørn. “Så kan du reparera vengen din og finna mat igjen.” “Berre éin dag til”, sa Ørn. “Finn du ikkje nåla må du gje meg ein av kyllingane dine som betaling.”

Det var berre Ørn i landsbyen som hadde ei synål, så ho byrja først å sy. Ho laga seg eit par nydelege vengar og flaug høgt i sky. Høne lante nåla, men vart fort trøyt av å sy. Ho la nåla i skapet og gjekk for å laga mat til borna sine.



Seinare den ettermiddagen kom Ørn tilbake. Ho bad om nåla for å festa nokre fjør som hadde losna på turen. Høne leitte i skapet. Ho leitte på kjøkkenet. Ho leitte i gardsplassen. Men nåla var ikkje å sjå nokon stad.





Men dei andre fuglane hadde sett Ørn som flaug av garde. Dei bad Høne om å få låna nåla for å sy vengar til seg sjølve òg. Snart flaug det fuglar overalt under himmelen.



Då den siste fuglen leverte tilbake nåla dei hadde lånt, var ikkje Høne der. Så borna hennar tok nåla og byrja å leika med ho. Då dei vart lei av å leika, lét dei nåla liggja att i sanden.